

1 Resolusjonsforslag nr. 10

2 **Kvifor blir det ikkje fødd barn i Noreg i dag? – Trygge fødetilbod i HEILE landet**

3 Senterkvinnene er djupt uroa over den gradvise nedbygginga av føde- og barseltilbodet i Noreg. I
4 store delar av landet har kvinner i dag eit dårlegare og meir utrygt tilbod enn tidlegare.
5 Fødeavdelingar blir lagde ned, fødestover blir stengde, barseltilbod blir reduserte, og
6 følgjetenesta er mange stader mangelfull eller fråverande. Dette skjer samstundes som
7 styresmaktene etterlyser fleire fødsjar og diskuterer kva som skal til for at kvinner skal få fleire
8 barn.

9 Senterkvinnene meiner at svaret på kvifor det blir fødd færre barn i Noreg ikkje berre ligg i
10 økonomiske ordningar og familiepolitikk. Tryggleik i svangerskap, fødsel og barseltid er ein
11 grunnleggjande føresetnad for at kvinner skal våge å få barn. Når avstandane til fødetilbod
12 aukar, når kvinner må reise langt før termin, eller risikerer å føde under transport, svekkjer det
13 tilliten til helsetenesta og tryggleiken for familien.

14 I dag ser vi at kvinner i distrikta må leve med ei utryggheit som ikkje er akseptabel i eit land som
15 Noreg. Lange avstandar, vêrutsette vegar, ferjesamband og sårbar beredskap gjer at reisa til
16 fødeavdeling kan bli både uforutsigbar og farleg. Samstundes blir ressursar bundne opp i unødige
17 seleksjon og sentralisering. Kvinner kan bli sende til sjukehus langt unna heimstaden, sjølv når
18 dei bur nær eit lokalt sjukehus, fordi tilbod blir lagde ned eller funksjonar blir flytta. Dette tek
19 kapasitet frå lokalsjukehusa og skaper unødige belastning for den gravide.

20 Senterkvinnene meiner det er eit paradoks at regelverket for dyrevelferd på fleire område stiller
21 strengare krav til tilsyn og beredskap rundt fødsel hos dyr enn det som i praksis blir tilbydd
22 fødekviner i Noreg i dag. Kvinner i ein av livets mest sårbare fasar må kunne forvente minst like
23 god tryggleik.

24 Jordmødrer og fagmiljø melder om aukande utfordringar knytt til lange reiseavstandar, fleire
25 transportfødsjar, komplikasjonar etter fødsel, ammeproblem og psykiske belastningar i
26 barseltida. Samstundes ser vi framvekst av private tilbod og uformell oppfølging, fordi det
27 offentlege tilbodet ikkje opplevast som tilstrekkeleg. Dette er ei utvikling som ikkje kan halde
28 fram.

29 Eit trygt og desentralisert fødetilbod er òg avgjerande for busetjing, rekruttering og framtidstru i
30 distrikta. Når fødetilbod forsvinn, svekkjer det grunnlaget for å bu og arbeide i heile landet. Dette
31 rammar kvinner særleg hardt.

32 Senterkvinnene sitt landsmøte slår fast at Noreg skal ha eit trygt, desentralisert og fagleg
33 forsvarleg føde- og barseltilbod i heile landet. Følgjetenesta må styrkjast og vere tilgjengeleg der
34 avstandar og beredskap krev det. Rekrutteringsutfordringar kan ikkje brukast som grunngeving
35 for varig nedbygging av grunnleggjande helsetenester. Styresmaktene må ta ansvar for å sikre
36 bemanning, kompetanse og stabile fagmiljø.

37 **Senterkvinnene krev at:**

- 38 • Føde- og barseltilbodet skal styrkjast og oppretthaldast i heile landet, slik at kvinner har
39 tilgang til eit trygt tilbod nær der dei bur.
- 40 • Følgjetenesta må vere landsdekkjande, fagleg forsvarleg og tilpassa geografien, slik at
41 ingen kvinner må føde utan kvalifisert hjelp under transport.

- 42 • Nedlegging av fødestover og svekking av lokalsjukehus ikkje skal gjennomførast utan at
43 eit like trygt og reelt tilbod er på plass.
- 44 • Helseføretaka må få tydeleg ansvar for aktiv og langsiktig rekruttering av jordmødrer og
45 fødepersonell, inkludert bruk av alternative turnusar, desentraliserte ordningar og
46 særskilde rekrutteringstiltak i distrikta.
- 47 • Seleksjon og sentralisering må avgrensast til det som er medisinsk nødvendig, slik at
48 ressursane i lokalsjukehusa blir brukte og kvinner slepp unødvendig lange reiser.
- 49 • Barseltilbodet må styrkjast, slik at kvinner og familiar får forsvarleg oppfølging etter
50 fødsel.
- 51 • Nasjonale styresmakter må erkjenne at trygge svangerskaps-, føde- og barseltenester er
52 ein viktig del av politikken for å auke fødselstala i Noreg.
- 53 Senterkvinnene sitt landsmøte slår fast:
54 Skal vi få fleire barn i Noreg, må kvinner vere trygge på at dei får føde trygt – uansett kvar i landet
55 dei bur.
- 56